

1. Inndeling av uteområde i friminutt (5. trinn opplever at det er for lite)

Svar: For 5. trinn er det nytt at dei no har uteområdet sitt på mellomtrinssida. Vi har forståing for at dei gjerne no i starten saknar uteområdet dei hadde når dei gjekk på småtrinnet, og at det er ein overgang å komme på mellomtrinssida. Eg tenkjer kanskje at det ikkje har så mykje med storleiken på uteområdet å gjere, men gjerne med «innhaldet». Vi er jo alle einige om at uteområdet generelt treng ei oppgradering.

Måndag 02. oktober vert det kick-off for TL (trivselsleiarprogrammet). Vi har TL-friminutt måndag til torsdag frå kl. 12.00-12.30, med ulike aktivitetar styrt av trivselsleiarane på ulike område på skulen. Det vil då vere mogeleg å bevege seg og vere med på aktivitetar som ikkje er på det området du eigentleg høyrer til på. TL-friminutt har vi store delar av året. Det er kun i periodar der det skal nominerast nye trivselsleiarar og arrangerast trivselsleiar kurs det ikkje er TL-friminutt.

2. Finnes det et regelverk som skolen må forholde seg til ifm kvalitetsystem og internkontroll? Er det laget en tidslinje for oppfølging av uteområdet? Tenker da på delmål og datoer for oppfølging. Legionella, er her et måleprogram med beskrivelse av akseptable verdier? Radon, er kantinen i bruk når verdiene er over tiltaksgrensen? Hva betyr dette for skolen? Hvem er skoleeier i rapporten? Hva er planen for å lukke avvik?

Svar: Som skule må vi forhalde oss til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager, skoler og skolefritidsordninger». Formålet med forskrifta er å bidra til at miljøet på skulen og på skulefritidsordninga skal fremje elevane si helse, trivsel, lek og læring. I tillegg skal sjukdom, skade og alvorlege hendingar førebyggast. Denne forskrifta skulen skal ha ein internkontroll som sikrar at krava i forskrifta vert etterlevd. På Ågotnes skule har vi ein slik internkontroll, som tilfredsstillar krava, i kvalitetssystemet vårt Compilo. Dette har eg laga og fått godkjent. Kommentaren på dette i rapporten gjekk meir på kva skuleeigar, som er Øygarden kommune, gjer for å sikre seg (vere sikker på) at skulane har ein slik internkontroll som tilfredsstillar krava. Skuleeigar i rapporten er som sagt Øygarden kommune. Ein tenkjer då gjerne at det er kommunalsjef for Oppvekst. Men kommunalsjef for Kultur og samfunn vert gjerne rekna som byggeigar. Så her er det klart at det det vert viktig med samarbeid mellom ulike kommunalsjefsområde. Som rektor er eg skuleleiar for ei enkelteining, med delegasjonsmynde for fag, økonomi og personal. Eg vert gjerne sittande og koordinere og svare på tilsyn som vert gjennomført, men eg har til dømes ikkje eit vedlikehaldsbudsjett som eg styrar knytt til mi eining.

Når det gjeld uteområde, så er det siste eg har høyrte angående dette, at ein held på å utarbeide eit kravspekk som skal ut på konkurranse. Det er Eignedomsforvaltning, drift og vedlikehald som held i dette no.

Øygarden kommune har ei eiga rutine for legionella kontroll. Det er Eigedomsforvaltning, drift og vedlikehald som tek seg av dette, og gjennomfører kontroll i tråd med denne rutina.

Når det gjeld radon så har eg fått tilbakemelding på at det skal gjennomførast nye prøvar i vinterhalvåret (okt.-mar). Det er dette anbefalingar om radonmålingar tilseier. Evt. tiltak vil verte satt i verk på bakgrunn av resultatata for målingane.

Planen er sjølvstakt å lukke avvik så snart det let seg gjere. Som rektor har eg ein god dialog med Eigedomsforvaltning, drift og vedlikehald og passar etter beste evne på å «pushe» og fremje behov for Ågotnes skule.

3. Er det nok ressurser på elever med særskilt behov? Blir disse tatt med når de går på SFO?

Svar: Eit kort svar på dette er at vi alltid kunne tenkt oss meir ressursar. Samstundes så meiner eg at vi gjer gode faglege og pedagogiske vurderingar knytt til korleis vi nyttar dei ressursane vi er tildelte. Vi melder sjølvstakt inn dei behova vi har i forkant av kvart skuleår, men det betyr ikkje nødvendigvis at vi «får» tilsvarande det vi meiner vi treng. Elevar med særskilte behov får ikkje nødvendigvis med seg ressursar over i SFO. Men på Ågotnes skule har vi fleire tilsette i SFO enn det grunnbemanninga utifrå normtallet tilseier (altså 14-16 barn per vaksen).

4. Er det nødvendig med egen base for data på SFO? Ønskelig med kreative aktiviteter i steden.

Svar: SFO har ikkje database fast kvar dag i SFO. Borna i SFO har etterspurt dette. Difor vart dette planlagt sett opp som eit aktivitetstilbod annankvar onsdag. Sidan skulestart i august har det vore ein databasedag for 2.-4. trinn. I SFO er vi i all hovudsak oppteken av leiken. Barne kan vere ute, dei kan teikne, perle, leke med lego og andre leikar og vi forsøker å få til både gymleik i gymsal, dansing og og symjing i basseng (om det byr seg ein sjanse for det – avhengig av nok vaksne med livredningskompetanse og ledig tid i bassenget).

5. Hva er tilbudet til leksehjelp? Ble nevnt at det kan være utfordrende å benytte seg av tilbudet for elever som tar buss til og fra skolen.

Svar: Følgjande melding gjekk ut til mellomtrinnet: «Leksehjelpe startar opp i veke 38. I år, som i fjor, vil leksehjelpe vere før skulestart og det er elevane på mellomtrinnet som får tilbod om å delta på leksehjelpe. Leksehjelpe blir på desse tidspunkta: tysdag, onsdag og torsdag kl. 07.50-08.20.» Utfordringa knytt til buss om morgonen har vi forståing for. Grunnane til å flytte leksehjelpe til morgonen var at mange elevar hadde aktivitetar dei skulle nå om ettermiddagen, romkapasitet og bemanningssituasjonen var meir krevjande om ettermiddagen og elevane sluttar til ulike tider. Elevar som var på leksehjelpe om ettermiddagen hadde og nokre utfordringar knytt til buss, som ikkje passa med sluttidspunkt for leksehjelpe.

6. Hadde det vært mulig å kjøre et prøveprosjekt med leksefri skole?

Svar: Dette er gjerne ei sak vi kan arbeide vidare med i FAU dette skuleåret for å utgreie fordelar og ulempar ved å vere ein leksefri skule. Eg vil tru at det er delte meiningar knytt til dette.

7. Oppfordre lærere til å komme med prosjekter/aktiviteter som FAU kan støtte økonomisk.

Svar: Vi tek med oss dette til fellestida (personalmøta) våre og har ei idemyldring knytt til dette.

8. I foreldremøtet ved skolestart menglet det noe info om 17.mai komite og FAU. Er en del nye som ikke helt vet hva detre innebærer og her kunne info vært bedre (jeg deltok ikke selv og videreformidler bare det som kom frem).

Svar: Vi takkar for innspel knytt til dette og vil forsøke å vere enda tydlegare på dette neste skuleår. Eg utfordrar herved FAU til å lage ei side til presentasjonen som skildrar 17. mai-arbeidet og FAU sine satsingar.

9. Er matpausen en del av undervisningen?

Svar: Hos oss er matpausen ein del av undervisningstida. Det betyr at lærar er tilstades i klasserommet når matpausen vert gjennomført. Det føregår ikkje direkte undervisning i denne tida, men gjerne høgtlesing, samtalar og anna. I tillegg har elevane 2 x 30 min friminutt i løpet av dagen. Vi tenkjer at denne ordninga fungerer greitt, og ser ikkje noko grunn til å endre på dette.